

Hå Høyre
Gunn Dalen Håland
gunn.d.haland@gmail.com

Vedtak om avkorting for brot på partilova sin frist for rapport om bidrag mottatt i valår

I brev av 10. november 2021 varsla Partilovnemnda om mogeleg vedtak om formell åtvaring eller avkorting i statsstøtta fordi Hå Høyre for seint har innrapportert eit bidrag på kr. 15 000,- frå Lions Club Hå. Bidraget vart mottatt 10. september 2021 og først rapportert inn 31. oktober 2021, dvs. 51 dagar etter siste frist for rapportering, som var fredag før valdag, jf. partilova § 18 nr. 4 (jf. www.partifinansiering.no).

Merknader frå partiet/partiledet

I e-post av 16. november 2021 skriv Tom Zahl Heien, kasserar i Hå Høyre:

"Vi beklagar at rapportering skjedde for seint. Rapportering skjedde i samband med ajourhald av rekneskap i slutten av oktober.

Støtta vart gitt av Lions club Hå for å dekkje kostnader Hå Høyre hadde i samband med eit arrangement vi hadde den 8. september om demens. Folkemøtet var ikkje eit valkamparrangement. Hadde det vore knyta mot val, så hadde ikkje Lions club Hå støtta det. Vedlagt finn de søknad vi sendte til Lions club Hå.

Uavhengig av dette, så skulle vi ha rapportert det innan fristen."

Partilovnemnda sitt syn på saka

Ei av Partilovnemnda sine oppgåver er å gjere vedtak om administrative sanksjonar når eit parti eller partiledde bryt reglane i partilova § 18 nr. 4 (jf. partilova § 24 nr. 2 bokstav c) og partilovforskrifta 5. februar 2014 nr. 107 § 6-1 nr. 1).

Korrekt rapportering og publisering av bidrag i valår er viktig for å realisere lova sitt formål om openheit om finansieringa av dei politiske partia. Manglande kunnskap om regelverket eller sviktande interne rutinar gjev ikkje grunn til å bryte lova. Partiet/partiledet har eit sjølvstendig ansvar for å organisere seg slik at dei fylgjer reglane.

Det grunnleggande formålet om openheit overfor veljarane er ikkje ivareteke når bidrag som partiet tar imot i løpet av dei siste månadene før valet, blir innrapportert og publisert lenge etter

E-postadresse:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Postadresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

absolutt frist for rapportering (siste fredag før valet). Ei slik forseinking inneber at veljarane verken direkte eller indirekte kan bli kjende med bidraget før den avgjerande valdagen.

Partilovnemnda finn det difor naudsynt å understreke alvorret gjennom ein administrativ sanksjon i form av avkorting av statsstøtta i 2022. Storleiken på avkortinga må fastsettast i ljøs av lovbrots karakter, samla storleik på det for seint innrapporterte bidraget (kr. 15 000,-) og på partistøtta som partiledet elles vil ha rett på (i 2021 fekk Hå Høyre kr. 16 545,54,- i statsstøtte etter partiloven). Avveginga må og ta utgangspunkt i behovet for likebehandling, samhøve mellom lovbrots og reaksjon og allmennprevensjon (jf. partilovforskrifta § 6-1 nr. 2).

Saka handlar om eit bidrag som er stort samanlikna med partiledet sin økonomi. Partilovnemnda merkar seg likevel at beløpet ikkje var direkte knytt til valkampen, men til eit folkemøte om demens. Men kravet om rapportering gjeld utan omsyn til føremålet med bidraget, og all form for aktivitet frå partiledet si side kan bidra til å skape eit positivt omdøme som i sin tur kan kome det til gode i val.

I lys av tidlegare praksis har Partilovnemnda etter ein samla vurdering kome til at avkortinga i dette tilfellet bør settast til 10 % av partistøtta i 2022.

Med heimel i partiloven § 24 andre ledd jf. § 28 treffer Partilovnemnda følgande

vedtak:

Partistøtta til Hå Høyre i 2022 avkortast med 10 %.

Vedtaket er gjort med tilslutning frå alle medlemmene, jf. partilovforskrifta § 7-2 nr. 2.

**

Vi gjer for ordens skuld merksam på at bidraget og skal takast med i rapporten for rekneskapsåret 2021.

**

Ein kan ikkje klaga på Partilovnemnda sine vedtak, jf. partilova § 28 nr. 2, og søksmål for domstolane er einaste mogelegheit til å få vedtaket overprøvd. Partilovnemnda kan likevel sjølv gjere om eit vedtak dersom det skulle vise seg å byggje på eit feilaktig grunnlag eller omgjerung elles kan skje på grunnlag av reglane i forvaltningslova § 35.

For Partilovnemnda

Eivind Smith
leder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Rogaland Høyre, rogaland@hoyre.no